



Årsmelding 2019

Styrets samansetning:

Verv	Namn	På val
Leiar	Eilin Reinaas	Ja
Nestleiar	Jon Anders Skorpen	Nei
Kasserer	Christer Nærø Torvik	Ja
UNG representant		
Styremedlem	Mads J. U. Stave	Nei
Styremedlem	Ragnhild M. Bremnes	Nei
Varamedlem	Joakim Eiksund	Nei
Varamedlem	Guro N. Gausemel	Nei
Varamedlem	Irma Håvoll Sætre	Ja

Valnemnd

Leiar	Sindre Slettestøl	Ja
Valnemnd medlem	Anne Mette Gundersen	Nei
Valnemnd medlem	Mildrid Flø	Nei
Valnemnd varamedlem	Kåre Myrene	Ja

Styrets arbeid i 2019:

Styremøte:

Vi har hatt 8 styremøter og handsama 55 saker i 2019.

Naust:

Begge nausta er no i drift, men det nye er ikkje ope for medlemmar, berre for aktivitetsleiarane. Det er aktivt i bruk under dugnadar, kurs og treningar, og delvis innredet med sofa og bord. Nausta har fått ny bordkledning på baksida, og det er satt inn ei skikkelig dør på baksida av det nye naustet. Det er også satt inn nye slukar i taket. Arbeidet har vore utført av elevar frå bygg- og anlegg VG1 på Herøy vidaregåande skule, dei har lagt igjen ca 500h betalt med pizza på Elmirs og 2 padledagar med utstyr frå naustet. Dei held fram i 2020 med å innrede det nye naustet. Det har gjort at arbeidet har vorte mykje rimelegare, då dei ikkje tek betalt for arbeidet, men berre for materiala.

Naustet har kosta oss mykje i 2019, både i tid og pengar, og det blir viktig å få auka inntekt og sponsorstøtte i 2020.

Utstyr:

Vi har handla inn nokre nye tørrdrakter til junior og nokre nye padlesko, for sponsormidlane vi hadde att frå Sparebanken Møre.

Vi har hatt 3 dugnadar på naustet også i 2019, for å rydde, reparere slitasje og skadar på utstyr og kajakkar. Klubben har kjøpt inn nye kajakkar og spruttrekk, og solgt nokre kajakkar som vart lite brukt.

Kajakk	Kjøpsdato	Status
NDK Romany Classic orange	05.02.2019	Kjøpt brukt
NDK Romany Sport gul	01.03.2019	Kjøpt brukt
P&H Scorpio HV gul	12.09.2019	Kjøpt ny
Rebel Ilaga hvit	12.09.2019	Kjøpt ny
Boreal Design Epsilon P100 gul		SOLGT
2 x Hasle K400		Gåve til Kjeldsund

Aktivitetar 2019

Vi hadde 3 ordinære NPF Grunnkurs HAV i 2019, som vart haldne frå Jensholmen. Det vart halde to NPF Grunnkurs for ungdom i sommarferien. Eitt av kursa var arrangert av Sunnmøre Friluftsråd på Eiksund, og vi bidro med aktivitetsleiarar. Det vart halde 1 NPF Teknikkurs HAV og eitt NPF Aktivitetsleiar kurs. Tre av aktivitetsleiarane i klubben har fullført vidaregåande kurs i løpet av året.

Vi hadde også i 2019 bassengtreningar på Stokksund skule. Frå nyttår og fram til påske var det 9 treningar der. Bassenget vart stengd og vi starta opp med bassengtrening på Sunnmørsbadet frå 10. november. Fram til nyttår hadde vi 8 treningskveldar der. Til saman har over 30 medlemmar vore innom, og fleire av dei nær kvar gong. Vi hadde eit livreddingskurs for medlemmane på ei av bassengtreningane. Klubben har no 12 sertifiserte livreddarar.

HKK har i 2019 hatt faste klubbturnar kvar einaste torsdag dei vekene det ikkje har vore bassengtrening. I tillegg har det vore arrangert fleire klubbturnar og treningar i sjøen ved slippen på Jensholmen, der det har vore trent teknikk, rulle o.l.

Kursaktiviteten har vore lågare i 2019 enn toppåret 2018. Det skuldast mellom anna at kurs har vorte avlyst grunna for få påmelde, og fordi nokre av aktivitetsleiarane våre har vore opptatt med vidareutdanning. Vi vonar å kunne tilby fleire teknikkurs i åra framover.

Vi har gitt tilbod om prøv-å-padle på klubbturnar og på bassengtreningar, til folk som vurderar å melde seg på kurs.

Det var HKK sin tur å arrangere Midt-norsk styre- og aktivitetsledersamling for kajakkklubbane i regionen i 2019, og den vart halden på Runde i mars. Der vart det foredrag frå Runde Miljøseier på land og visning av tangprodukt i fjæra. Vi diskuterte saker klubbane var opptekne av å ta opp på Padletinget i 2019, og klubb utvikling og HMS. Det vart også padling rundt Runde og i Flusund. Ei hending den første dagen med svært erfarne padlere frå Trøndelag, enda med redning av to personar med helikopter frå ei vik på Runde. Redningsaksjonen vart omtalt i media. Det vart berre materielle skader, og førte til stort læringsutbytte og auka fokus på HMS. Hendinga vart også brukt på Padletinget, for å illustrere behovet for ei nasjonal ordning med ulykkesrapportering.

Ein del av aktivitetsleiarane i klubben har vore med på fleire øvingar saman med redningshelikopter, for å auke kompetansen på redningsaksjonar med kajakkpadlarar.

Vi deltok på Padletinget med to representantar, og støtta der Trondhjems kajakkklubb sitt forslag om ei nasjonal rapportering av hendingar. NPF skal jobbe med det fram mot neste Padleting i 2021. Vi var også med på årsmøtet i Herøy idrettsråd i juni. Leiar i HKK vart vald til leiar i idrettsrådet. Idrettsrådet vedtok at 5 % av LAM-midlane skulle fordelast til para-medlemmar. HKK fekk dermed over 7000,- kroner ekstra i 2019 (for 2018).

Vi starta opp med ei Padleledgruppe, som består av Anita Sundnes, Sindre Slettestøl, Ragnhild Margrete Bremnes og Eilin Reinaas. Arbeidet er ikkje ferdig, og det arbeidast med å få laga padleleder for nybegynnarar i første omgang. Det er satt opp eit stort kart i naustet, som kan gi medlemmane oversikt over området før dei legg ut.

Medlemmar frå HKK var til stades på Gloppen Padleklubb sitt årlege Surfesymposium i Hoddevika på Stadt i palmehelga, og på Trondhjems kajakkklubb sin årlige samling på Stokkøya i august. Så mange som 17 medlemmer tok turen til padletreffet på Rangøya på Nordmøre i september, der HKK stilte med henger.

Loggboka i naustet viser at klub medlemmar er ofte ute og kajakkane er godt nytta. i 2019 har medlemmane logga mange turar der, men portloggen syner at ikkje alle hugsar å skrive inn utlån i loggboka. Aktivitetsleiarane logga 54 klubbturnar med den nye appen som Molde kajakkklubb har utvikla, for å ta vare på HMS.

Løysinga med automatisk portstyring og naust med godt utval står for ein betydeleg del av aktiviteten i klubben. Det er veldig gledelig for styret å sjå att tilrettelegginga fungerer godt.

Medlemstall pr. 01.02.2020

	0-19 år UNG	> 20 år Senior	Totalt
Kvinner	25	146	171
Menn	32	153	185
Totalt	57	299	356

Medlemstall rapportert til NIF

	2018	2019
Kvinner	129	145
Menn	146	167
Totalt	275	312

Rapportering til NIF viser ein god og positiv medlemstallutvikling gjennom åra. Ei økning på 13% 2018-2019 er vi veldig godt fornøyd med.

Årsregnskap 2019

Sjå vedlagt årsregnskap 2019 frå regnskapsfører Sigbjørn Gurskevik Skeide i Balanse Regnskap.

I 2019 har HKK innført bruken av Power Office som er eit nettbasert regnskapsprogram. Dette sikre oss dobbel godkjenning og digital lagring av alle bilag.

Til medlemskontingent og medlemsliste, nyttar HKK system og innbetaling som NIF har i klubbadmin/ Bypass. Ei løysing som gjer rapportering mot NIF enkel og drifting av medlemslister etter lova om personvern.

Ved kursing har styret gått gradvis over på Vipps som er ei rimeligare løysing og vi unngår litt det tunge systemet til NIF. Vi nyttar fortsatt NPF sin vaattkort.no side for publisering av kurs og påmelding, utsteding av våttkort.

I 2019 utstedte våre aktivitetsledere/ turledere/ veiledere 40 våttkort med GK HAV oblat + 9 TK HAV oblat og 4 AK HAV oblat.

2019 enda med eit lite underskudd i drifta vår. Sjølv om vi har pengar på konto, så har styret fokus på å halde eit lite overskudd.

Grunnen til det blei underskudd i 2019 er dels grunna mindre kursvirksomhet og dels oppgradering av naust nr.2 på Jensholmen. På kostnadssiden ser ein materialbruk på naustet og møte/ kurs som ein større post enn vanleg. Høgare grunna arbeidet på nausta og deltaking på padletinget/ utgifter med Midt-norsk styre- og aktivitetsledersamling.

Innføring av regnskapsprogram har medført ein del timer hos Balanse Regnskap. Det er postar vi regna med skulle øke, og som var lagt inn i budsjettet. Økonomien til klubben er solid og drifta går omtrent på budsjett. Desse postane vil i året som kjem normalisere seg.

Styret i Herøy Kajakklubb

Eilin Reinaas, leiar

Jon Anders Skorpen, nestleiar

Christer Nærø Torvik, kasserar

Mads J. U. Stave, styremedlem

Ragnhild M. Bremnes, styremedlem

Joakim Eiksund, varamedlem

Irma Sætre Håvoll, varamedlem

Guro N. Gausemel, varamedlem